



## Årsmelding Hjelmås Mannskor 2016

Året 2016 var året der me satsa mykje tid og krefter på vår eiga oppsetjing, "Berre ein mann", samt på Julekonsert med Hanne Krogh

Det vart lagt ned mykje og god innsats for å øve inn materialet til oppsetjinga, noko som betalte seg godt. Oppsetjinga må kallast ein ubetinga suksess, med mykje publikum på dei to oppsetjingane og gode tilbakemeldingar frå både publikum, musikarar og songarar.

Koret er etterspurt som underhaldarar og stemning og trivsel i koret er god. I 2016 har me hatt færre opptredener for å kunne prioritere arbeidet med vår eiga forestilling og julekonserten Også antal medlemmer er på eit høgt og godt nivå, men fortsatt litt skeiv fordeling mellom stemmene. Som alltid er me på utkikk etter nye medlemmer, spesielt tenorar.

### Aktivitet 2016:

6. februar	Opptreden Turid sin 50 årsdag, på Eknes
19. februar	Øvingshelg med band
20. februar	Opptreden Trengereidkoret sin jubileumsfest
12. mars	Premiere "Berre ein mann", Strilatun
13. mars	Forestilling "Berre ein mann", Strilatun
22. april	Konsert Knarvik kyrkje, Lindås kulturskule 30 år
12. mai	Opptreden Knarvik Senter og Bergen Bystasjon for Hordaland Bondelag
10. juni	Årsmøte og avslutningsfest før sommarferien
28. -30. oktober	Tur til Leikanger, opptreden med Leikanger Mannskor på Statens Hus, med påfølgjande fellesmiddag/fest.
21. desember	Julekonsert med Hanne Krogh

Øvingar våren 2016

20 + 2 øvingshelger

Øvingar haust 2016

17

Året 2016 har vore eit godt korår, der øving mot vårt store prosjekt "Berre ein mann" har stått i fokus det første halvåret, julekonsert med Hanne Krogh det andre halvåret. Antal opptredner er difor litt lågare enn normalt, men det er eit år som har fått koret til å vekse i prestasjonar og evne til å takle utfordrande oppgåver.



Hjelmås Mannskor – årsmøte 14. mars 2017

## Medlemar i Hjelmås Mannskor

Mange kor slit med rekrutteringa, medan Hjelmås mannskor opplever god oppslutnad. Me har ein stabil medlemsmasse og har også fått rekrutert ein del nye medlemmar.

Ei viktig årsak til at medlemmane vert i koret og at nye kjem til er truleg den uformelle måten koret er på, samt at koret legg vekt på humør og musikk som har stor spennvidde.

Koret hadde ved utgangen av året 2016 – **31 medlemmer**

## Styret

**Styret har vore samansett slik:**

Leiar: Rune Hindenes

Kasserar: Nils Ingvald Halle

Styremedlem: Olav Borlaug

Styremedlem: Arne Sande

Skrivar: Ove Bjarne Hindenes

Dirigent Åse Hagesæter

Styret takkar spesielt til alle medlemmar som har lagt ned mykje arbeid med prosjektet "Berre ein mann". Alle har stilt opp og jobba hardt med dette, men nokre må nemnast spesielt:

Reidar Konglevoll for stor innsats med tekstar og idear, samt å vere pådrivar for prosjektet.

Nils Ingvald Halle som har lagt ned mykje arbeid også dette året.

Per Ole Ekker har jobba mykje og delteke i arbeidsgrupper.

Asbjørn Leknes for tekst og engasjement.

Sist, men ikkje minst, takk til dirigent Åse, som alltid er aktiv og oppfinnsam . Stort tålmod og mykje humor gjer hardt arbeid nesten til ein lek.

Hjelmås Mannskor – årsmøte 14. mars 2017